

Hordaland fylkeskommune,
Fylkeskonservatoren,
Kultur og idrettsavdelinga

Vår dato: 26.08.2016
Vår ref: 2016/75 - 17293/2016 / 025
Dykkar ref:

Kulturminneplan for Stord kommune - søknad om tilskot til planarbeid

Stord kommune vedtok fyrste bygningsvernplan i 1991. Revidert og utvida utgåve vart vedteke i kommunestyret 15.04.2009 i lag med Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Det er trong for revidering og oppdatering av begge planane som til no har vore gode reiskap i saker som gjeld regulering og byggeverksemd. Me vil innlemme bygningsvernplanen i revidert Plan for kulturminne og kulturmiljø.

I dag er mange kulturminne borte, hus er rivne og landskap er i stadig endring. Utbygging av ferdselsårer, industrianlegg og byggefelt truer einskilde kultur og bygningsmiljø. Det er trong for å oppdatere planane og trekke med nyare tids bygningsstil, og -miljø. I forslag til planstrategi for neste periode er revidering av plan for kulturmiljø og kulturminne lagd inn. Forslag til planstrategi skal leggjast fram for formannskapet i oktober og deretter leggjast fram for vedtak i kommunestyret.

Dersom det vert vedtak om å setje i gong med planarbeidet, vil ei arbeidsgruppe med relevant ekspertise ha ansvaret for revideringa. Det kan vera aktuelt å engasjera konsulent utanfrå kommunen som rådgjevar og til å utarbeide sjølve planen. Planprosessen vil vera mest mogleg open og inkludere bebuarane. Slik håper me å få til ein plan der folk vert medvitne om kor viktige kulturminna og kulturmiljøa er for kvar av oss.

Med atterhald om politisk vedtak for å setje igong med arbeidet, søker Stord kommune om kr 100 000 i tilskot til planarbeidet.

Med helsing

Herdis Elin Belsvik
Leiार for eininga Kulturtenester

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi:
Knut Johannes Gram

Lovise Vestbøstad

